



Wärtsilä Norway AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

Løyve etter forureiningslova til utfylling av steinmassar i sjø i Larsvågen i Bømlo får forlenga gyldigheit

Vi viser til brev datert 31. januar 2025 frå Sartor & Drange på vegne av Wärtsilä Norway AS.

Saka gjeld

Wärtsilä Norway AS fekk den 2. juli 2018 løyve etter forureiningslova til utfylling av inntil 77 000 m³ steinmassar over forureina sjøbotn i Larsvågen. Formålet er å etablera nytt land i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Løyvets varigheit blei forlenga med to år i vedtak 6. mai 2021 og på nytt i vedtak 3. mai 2023. I løyvets vilkår står det: "Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år, skal verksemda sende ei melding til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet"

Wärtsilä Norway AS melder no at dei ikkje vil kome i gang med tiltaket innan toårsfristen som går ut i mai 2025, sidan planlegging og finansiering har teke lengre tid enn forutsett. Dei ber difor om ei forlenging av løyvet på to år. Forventa oppstart er sommar 2026 med forventa byggetid ut 2029. Føresetnadane som låg til grunn for det opphavelege løyvet er skalert ned. Planen var å bygge ein stor tørrdokk, kombinert med nytt areal på land, samt tildekking av sjøbotn. Prosjektet er no skalert ned, slik at tørrdokken ikkje blir bygd i denne omgang, men arealet vert planert innafør reguleringsgrensene og tildekking av sjøbotn vert utført som beskriven i opprinneleg søknad.

Statsforvaltarens vurdering

Statsforvaltaren vurderer at løyvets gyldigheit kan forlengast for dette tiltaket slik det er omsøkt. Vi legg til grunn at søknadens miljørisikovurdering og forslag til avbøtande tiltak datert 16. mai 2018 utført av Rambøll fortsett er gjeldande sidan tiltaket skal gjennomførast i tråd med den opprinnelege søknaden og innanfor grensene angjeve i gjeldande reguleringsplan. Statsforvaltaren har i løyvets vilkår sett krav om bruk av avbøtande tiltak som vi meiner vil redusere risiko for spreieing av miljøgifter og anna forureining til eit akseptabelt nivå.

Vi legg ved oppdaterte vilkår. Vi minner om hovudvilkåret i løyvet om å redusere faren for forureining og negativ påverknad: Utfylling skal ikkje skje i gyteperioden for torsk, etablering av sjeté på tvers av vågen, bruk av siltgardin og turbiditetsmålingar (vilkåra 4.3, 4.4 og 4.5). Vi minner også om at Statsforvaltaren skal varslast før oppstart av arbeida skjer og at Wärtsilä Norway AS skal utarbeide ein detaljert plan for overvaking av tiltaket. Vi minner om vilkår 6.1 der vi krev at Statsforvaltaren skal ha oversendt overvaksingsplanen før oppstart.



Vedtak

Statsforvaltaren endrar gjelande løyve til Wärtsilä Norway AS gjeve 5. mai 2023 slik at gyldigheita til løyvet vert forlenga to år frå dagens dato. Heimel til å endre løyve er forureiningslova § 18.

Gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve etter forureiningslova. På bakgrunn vår ressursbruk i saka, tek vi gebyrsats 8, 13 600 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

Rett til å klage

De har fått endra løyve til utfylling i sjø i tråd med søknad. Dersom det likevel skulle være noko de ønskjer å klage på, inkludert vedtaket om gebyrsats, kan de klage til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker etter at de har mottatt dette brevet. Klagen bør være skriftleg grunna, og den skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Løyvets vilkår

Kopi til:

Sartor & Drange
Bømlo kommune

Leirdalen 1

5430

BREMNES



Endring av løyve til utfylling av steinmassar i sjø i Larsvågen Bømlo kommune, Wärtsilä Norway AS

Statsforvaltaren gjev Wärtsilä Norway AS løyve til utfylling av steinmassar med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 18. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad av 16. mai 2018 og 30. april 2021. Løyvet er gjeve forlenga gyldigheit med to år frå dagens dato basert på søknad datert 2. mai 2023.

Dersom verksemda ønskjer endringar utover det som vart opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig verknad, må verksemda på førehand avklare dette skriftleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år, skal verksemda sende ei melding til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Statsforvaltarens referanse

Tillatelsesnummer	Anleggsnummer
2018.0589.T	1219.0115.01

Bedriftsdata

Bedrift	Wärtsilä Norway AS
Postadresse	Wichmannvegen 1, 5420 Rubbestadneset
Kommune og fylke	Bømlo, Vestland
Org.nummer / eigd av	973 066 382 / 940 193 575

Løyvet gjeven: 2. juli 2018	Løyvet sist endra: 6. februar 2025
Sissel Storebø seksjonsleiar	Magne Nesse senioringeniør
<i>Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift</i>	

Endringslogg

Endringsnummer	Dato	Endringer
1	6. mai 2021	Løyyvet forlenga med to år
2	3. mai 2023	Løyyvet forlenga med to år
3	6. februar 2025	Løyyvet forlenga med to år
3	6. februar 2025	Nytt vilkår 4.6 om havnespy

1. Kva løyvet gjeld

1.1 Omfang

Løyvet gjeld utfylling av inntil 77 000 m³ steinmassar i sjø på om lag 14 000 m² sjøbotn på Larsvågen i Bømlø.

Utfylling kan ikkje skje i perioden 1. januar - 30. april av omsyn til gytefelt for torsk.

2. Generelle vilkår

2.1 Grunnlag for løyvet

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 16. mai 2018 med mindre anna er avtala med Statsforvaltaren. Statsforvaltaren skal minimum ei veke før oppstart av arbeida. Varsel kan skje med en e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no.

2.2 Ansvar

Wärtsilä Norway AS er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert haldne, og pliktar å sørge for at dei som skal gjennomføre tiltaka er kjent med dei vilkår som gjeld.

2.3 Plikt til å redusere forureining

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om ein held utsleppa innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta gjeld også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkjeleg er sett grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.4 Endring av løyve

Statsforvaltaren kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, setje nye vilkår, og om nødvendig kalle løyvet tilbake, dersom vilkår gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Statsforvaltaren har på same grunnlag rett til, på eitkvart tidspunkt, å stoppe tiltaket.

2.5 Kulturminne i sjø

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

2.6 Saksbehandling etter anna lovverk

Dette løyvet frittek ikkje for handsaming etter anna lovverk som er relevant i saka, for eksempel hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova.

3. Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Verksemda plikter å ha internkontroll. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemda held krava i løyvet, forureiningslova og relevante forskrifter til lova. Verksemda plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av risikoanalyse skal verksemda iverksette risikoreduserande tiltak.

Verksemda plikter å sjå til at den som til ein kvar tid transporterer og fyller ut eller på annan måte handterer massar, har internkontroll i tråd med dette vilkåret.

3.2 Beredskapsplan

Verksemda skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra tilhøve skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar, i følgje planen, kan oppstå.

3.2 Varsling om akutt forureining

Verksemda skal varsle akutt forureining eller fare for akutt forureining i samsvar med forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining (nødnummer 110).

Verksemda skal også, så snart som mogeleg, varsle Statsforvaltaren i slike tilfelle på sfvlpost@statsforvalteren.no

4. Avbøtande tiltak under utfylling

4.1 Miljømål

Miljømålet med tiltaket er å bringe miljøgifter ut av sirkulasjon utan å skade omkringliggjande miljø.

4.2 Kontroll av massar for utfylling og utfylling

Det skal nyttast mest mogeleg reine steinmassar til utfylling. Det skal utarbeidast rutinar for kontroll av steinmassar før desse dumpast. Innhald av plastrestar og anna forureining frå sprengstein skal primært ikkje hamne i sjøen. Det må være rutinar for å reinske opp eventuelle forureiningar som kan følgje med steinmassane.

4.3 Metode for utfylling av steinmassar over forureina sjøbotn

Utfylling kan ikkje skje i perioden 1. januar - 30. april av omsyn til gytefelt for torsk.

Det skal først etablerast ein sjeté på tvers av vågen. Sjetéen strekke seg frå land i vest til land i aust og blir om lag 100 m lang. Den indre delen av sjetéen skal leggjast ut først, og bestå av knust sprengstein med dimensjonar 10-100 mm. Deretter vert det lagt fiberduk (bruksklasse S4 eller betre i hht Statens Vegvesen N200). Over fiberduken leggjast eit filterlag i minimum 50 cm tjukkeleik ($d_{50} > 0,1$ m). Filterlaget dekkast til slutt med to dekklag av grovare stein ($d_{50} > 0,45$ m).

Når sjetéen er etablert kan det fyllast ut stein på innsida av den. Ved utfylling av området bak sjetéen skal massane sorterast før dei vert lagt ut, og det skal leggjast eit lag med fine masser i botn, og så grovare masser over.

4.4 Siltgardin

Det skal nyttast siltgardin utanfor utfyllingsområdet og siltgardina skal være etablert før utfylling startar. Siltgardina skal minimum dekke heile vassøyla og ha feste i botn. Det skal førast jamleg kontroll med at siltgardina fungerer etter hensikta.

4.5 Turbiditetsmålingar, alarmgrenser, stans i arbeidet

Turbiditetsmålingar skal planleggast og utførast i samsvar med Norsk Standard NS-EN ISO 7027-1 *Bestemmelse av turbiditet*.

I anleggsperioden skal det målast turbiditet ved minimum ein målestasjon.

Målestasjonen skal stå på den djupna ein forventar at partikkelspreiinga er størst.

Det må dokumenterast ein referanseverdi for turbiditet, enten fastsett på førehand ved målingar eller med ein referansestasjon der det tas målingar ved faste intervall under anleggsperioden.

- Alarmgrense for turbiditet er 10 FNU + referanseverdi

Tid mellom kvar avlesing skal ikkje vere over 10 minutt. Om alarmgrensene vert overskride utover ei periode på 20 minutt skal arbeida stansast, årsaksforholda avklarast og nødvendige avbøtande tiltak gjennomførast. Dersom overskridinga skjer på grunn av arbeida, kan arbeida ikkje starte opp att før turbiditeten er nede på stabile nivå under alarmgrensene.

4.6 Aktsemd ovanfor framande organismar

Den framande arten havnespy/japansk sjøpung (*Didemnum vexillum*) er allereie etablert fleire stader i landet. Dette er ein framand og uønskt art som formerer seg raskt og fører til store problem for marine miljø og næringar. Arten veks mellom anna på skrog, fortøyingar, brygger og anna som finst i sjøen. Vestland fylke har gjennom dei siste åra registrert ein auke i observasjonar av havnespy.

Havnespy er blant anna påvist ved kaier i Måløy, Florø, Gulen, Bergen, Askøy og Øygarden. Arten spreier seg via skipsfart, særleg inne i dei største hamnene som har vitjing av utanlandske skip. Arten kan òg spreie seg til mindre hamner via småbåtar eller festa til tauverk, blåser og andre flyteobjekt i sjøen.

Statsforvaltaren minner om aktsomheitsplikta i høve til forskrift om framande organismar § 18. Der står det at den som set i verk tiltak som kan føre til utilsikta spreiring av framande organismar i miljøet, skal opptre aktsamt for å hindre at aktiviteten får uheldige følgjer for det biologiske mangfaldet. Tiltakshavar skal ha kunnskap om risikoen aktiviteten inneber, kunnskap til å treffe førebyggjande tiltak og kunnskap til å raskt oppdage utilsikta spreiring av framande organismar. Mistanke om funn av havnespy [må meldast inn](#) og verifiserast av marinbiologisk kompetanse. Dersom havnespy blir stadfesta, [skal observasjonen rapporterast til Artsdatabanken](#), og det må setjast i verk tiltak for å unngå vidare spreiring. Slike tiltak skal skje i samsvar med [retteiing gitt av Sjøfartsdirektoratet](#)

5 . Avfall

Verksemda plikter, så langt det er mulig utan urimelige kostnader eller ulemper, å unngå at det dannast avfall som følgje av tiltaket. Særleg skal innhaldet av skadelige stoffer i avfallet reduserast mest mogeleg.

Verksemda plikter å sørgje for at alt avfall, også farlig avfall, vert handtert i samsvar med gjeldande regler for dette fastsatt i eller i medhald av forureiningslova, spesielt avfallsforskrifta. Siltgardina skal etter bruk leverast til godkjent mottak.

6. Overvaking og rapportering til Statsforvaltaren

6.1 Plan for overvaking

Wärtsilä Norway AS skal lage ein plan for overvaking av tiltaket. Planen skal sendast Statsforvaltaren før oppstart. Det skal førast loggbok. Kopi av loggboka skal følgje som vedlegg til sluttrapporten.

6.2 Rapportering undervegs i anleggsarbeidet

Eventuelle uønskete hendingar, avvik frå løyvet og beskriving av avbøtande tiltak som er gjennomført skal meldast til Statsforvaltaren undervegs i anleggsarbeidet til sfvlpost@statsforvalteren.no.

6.2 Rapport frå sluttkontroll

Wärtsilä Norway AS skal sende rapport til Statsforvaltaren innan seks veker etter at tiltaket er gjennomført.

Rapporten skal innehalde:

- opplysningar om kor store mengder masse som faktisk har blitt fylt ut (i m³ eller tonn).
- opplysningar om plassering av massane (kart)
- oversikt over eventuelle avvik fra løyvet og kva slags korrigerande tiltak som vart satt i verk
- vurdering av tiltakets miljøpåverknad.
- kopi av loggbok

7. Tilsyn

Wärtsilä Norway AS plikter å la representantar for forureiningsmynde føre tilsyn med anlegget når som helst.